



## Skattedirektoratet

Saksbehandlar  
Rettleiingstenesta

Dykkar dato

Vår dato  
20.10.2011

Telefon  
800 80 000

Dykkar referanse

Vår referanse  
2011/950691

NAMN  
Adresse

## Innrapportering av likningsoppgåver for inntektsåret 2011 Bustadselskap

Kvart år sender Skattedirektoratet ut informasjon om innrapportering av likningsoppgåver til bustadselskap som står oppførte i oppgåvegjevarregisteret. Opplysningane som blir innrapporterte vil kome fram i sjølvmeldinga som den einskilde skattytaren får tilsendt i april. Det er difor viktig at oppgåvegjevaren leverer innan den fristen som er sett, og følgjer retningslinjene for innrapportering.

### Innrapportering av likningsoppgåver til Skattedirektoratet

Likningsoppgåver over bustadselskap kan leverast via Altinn på internett, på maskinleseleg medium eller på papirblankettar. Skattedirektoratet rår til at ein bruker elektronisk innrapportering via Altinn for å betre kvaliteten på oppgåvene som mellom anna skal brukast i likningshandsaminga.

For å innrapportere likningsoppgåver på rett måte, viser vi til Skatteetaten si internettside [www.skatteetaten.no/likningsoppgaver](http://www.skatteetaten.no/likningsoppgaver) under "*Likningsoppgåve: Bustadselskap*". Her finn du viktig informasjon om mellom anna fristar, oppgåveplikt, årsoppgåve til skattytar, høve til å sende inn testoppgåver, tilvisingar til postane og eventuelle endringar for inntektsåret 2011.

### Kontakt med Skattedirektoratet

Spørsmål som gjeld utfylling og innrapportering av likningsoppgåver skal rettast til Rettleiingstenesta GLD, på e-post til [grunnlagsdata@skatteetaten.no](mailto:grunnlagsdata@skatteetaten.no), eller på telefonnummer 800 80 000 (tasteval 5-3-3).

Med helsing

Skattedirektoratet

Vedlegg:

- Eit følgeskriv
- Oppdatering av kontaktinformasjon (baksida)

Postadresse  
Postboks 6551 Etterstad  
0606 Oslo  
[grunnlagsdata@skatteetaten.no](http://grunnlagsdata@skatteetaten.no)

Kontoradresse  
Hagegata 23  
Org.nr.: 974761076

Sentralbord  
800 80 000  
Telefaks  
22 07 70 25.